



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Formannskapet	31.08.2015	063/15	HAMO
Kommunestyret	07.09.2015	078/15	HAMO

Saksansvarleg: Halvor Moen

Arkiv: K1-
232

Arkivsaknr.: 14/3288

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

Høyring om nytt lovforslag om forbod mot eigedomsskatt på maskiner og utstyr i verk og bruk.

Vedlegg: Høyringsnotat, finansdepartement.
KSE-posten nr.5/2015
Svar på spørjeundersøking
KSE-posten nr.7/2015
Høringsuttalelse frå KS

Saksomtale: Finansdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag om endring i reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk i lov 6.juni 1975 nr.29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova). Etter gjeldande reglar skal arbeidsmaskiner mv. takast med i eigedomsskattegrunnlaget når dei vurderast å vera «ein part av sjølve føretaket». Regelen har blitt vidareutvikla gjennom rettspraksis. Korleis arbeidsmaskiner mv. skal vurderast å inngå i eigedomsskattegrunnlaget, beror på ein skjønsmessig heilheits vurdering. Regelen er kritisert for å være skjønsmessig og skape uforutsigbarheit. I høyringsnotatet legger departementet fram to alternative forslag. *Alternativ 1* inneberer at produksjonsutstyr og- installasjonar skal fritakast for eigedomsskatt, mens *alternativ 2* ikkje bare fritar slikt utstyr, men også inneberer at verk og bruk opphøyrar som eigen kategori med den fylgje at slike eigedomar blir eigedomsbeskattet som alminnelig næringseigedom.

Som vedlegget visar vil kommunen få ein inntektssvikt i eigedomsskatteinntektene sine om forslaget som ligger ute til høyring blir vedtatt.

Vedlegget visar ein samla eigedomsskatt på verk og bruk for 2015 på kr.1 933 236,-. I dette beløpet ligger ca. kr.216 100,- som gjelder maksinar og produksjonsutstyr.

Tar me med kraftliner og infrastrukturnettet er beløpet ca. kr. 878 000,- i reduksjon på eigedomsskatteinntektene for 2016. Totalt blir det ein reduksjon på ca. kr. 1 094 000,- i eigedomsskatteinntekter for 2016. Dette tilsvarar ca. 5,6 % svikt på eigedomsskatteinntektene til kommunen. I tillegg kommer ny taksering av verk og bruk ca. kr. 100.000,-. Dette vil bety at kommunen manglar ca. 1.200.000,- i budsjettet sitt for 2016. Dette kan takast inn ved å justera promillesatsen på eigedomskatten eller ein reduksjon i drifta for kommunen.

KS vil handsame sitt høyringsforslag i hovudstyret den 21.august. Har høyringsforslaget blitt vedtatt vil det bli lagt fram for kommunestyret i neste møte.

Rådmannen tilrår: Endringar i reglane for eigedomsskattegrunnlaget vil føre til ein reduksjon i Bø kommune sitt inntektsgrunnlag. Dette vil føre til store konsekvensar i kommuneøkonomien og difor kan ikkje rådmannen tilrå å endre eigedomsskattelova.

F-063/15 Tilråding: Formannskapet **tilrår samrøystes** som Rådmannen med følgjande tillegg: Bø kommune støttar KS Kommunenes Sentralforbund sin høyringsuttale i saka.

K-078/15 Vedtak: Samandrag av KS sin uttale til Finansdepartementet vart dela ut i møtet. Som Formannskapet – **vedteke med 20 mot 5 røyster..**

Mindretalet – 5 – røyste for følgjande framlegg frå Bø Høgre presentert av representanten Frode W. Lieungh, H:

Bø kommunestyre støtter regjeringens forslag til å gjøre endringer i dagens regelverk for endomsskatt, alternativ 1 med følgende presisering: Dette må gjelde produksjonsmaskiner og utstyr, kalt arbeidsmaskiner. Installasjoner som for eks. Telenett, kraftlinjer og fjernvarmeledninger tas ut som egen kategori og kan skattlegges særskilt etter vedtak i kommunestyremøte.

I tillegg vil Bø kommunestyre vektlegge høringsuttalelsen fra KS som påpeker at et inntektsfrfall for kommunene må kompenseres ved økning av inntekts-overføring fra staten.